



Selje IL

Årsmelding Hovudstyret 2022

Hovudstyret har i 2021/22 hatt følgjande styre:

- Magne Fure, leiar
- Bjarne Krakereid, nestleiar
- Stine Hamre, kasserar
- Kjell Magnar Flølo, styremedlem
- Atle Solheim, representant frå fotballgruppa
- Lotta Jansson, representant frå saltrim
- Elin Lesto Larsen, representant frå barne- og ungdomsgruppa
- Arild Hove, varamedlem

Aktiviteten i 2021/22 har vore prega av COVID-19. Det aller meste av organisert aktivitet blei svært redusert pga smittevernrestriksjonar. Vår viktigaste aktivitet SeljeCup blei kansellert. Takka vere gode støtteordningar frå det offentlege og ulike ordningar frå sponsorar har økonomien i laget vore god.

Vi vil takke sponsorane våre som vidareførte si støtte til idrettslaget i dette året.

Til tross for eit veldig spesielt driftsår fekk vi eit overskot på kr 745.897

Styret har hatt 6 styremøte og handsama 62 saker. Samarbeidet i styret har fungert godt og e-post og telefon har vore brukt for kommunikasjon og avklaringar mellom møtene.

Dei viktigaste sakene styret har jobba med:

- Økonomisk forsvarleg drift som følgje av COVID-19 restriksjonar
- Utarbeiding av styringsdokument for klargjering av roller og ansvar i organisasjonen
- Utnytting av ekisterande eigedom, samt nye prosjekt
- Klatreparken - sikring og reparering

Klatreparken valde vi å stengje som følgje av kritiske funn på tilsvarande parkar, samt identifiserte punkt for utbetringar på vår park. Vidare har det blitt jobba med å skaffe midlar til utbetring og engasjere leverandør for utbetring. Parken forblir stengd inntil reparasjon er gjennomført.

Vi lukkast ikkje med å få personell til å vere ansvarshavande for fyrverkerisal. Dette er noko vi jobbar med å få på plass til 2022-salet

Driftsstyre har ikkje vore aktivt, og vi jobbar med å gjere dette styret operativt og funksjonelt i det komande året.

Hovudstyret ser med bekymring på vanskar med rekruttering til å få frivillege til å ta på seg roller og bidra i laget. Dette kan medføre utfordringar med å oppretthalde aktiviteten på sikt.

Selje, 14. mars .22

Styret i Selje IL